

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 27.01.2022
SAKSHANDSAMAR: Veslemøy Hagalid Haug
SAKA GJELD: **Budsjett 2022 for Helse Vest RHF - administrasjonen**

ARKIVSAK: 2022/155
STYRESAK: **012/22**

STYREMØTE: **15.02.2022**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret vedtar budsjett 2022 for administrasjonen til Helse Vest RHF.
2. Styret vedtar budsjett 2022 for internrevisjonen i Helse Vest RHF.

Oppsummering

Forslaget til administrasjonsbudsjett for 2022 blir lagt fram innan den kostnadsramma som blei vedtatt under styresak 11/22 Konsernbudsjett 2022.

Fakta

Styret i Helse Vest vedtok under styresak 11/22 Konsernbudsjett 2022, inntektsramme for helseføretaka. Det vart i denne saka lagt fram ei kostnadsramme for RHF administrasjonen på 162,5 mill. kroner inkl. lønns- og rekneskaps-senteret (LRS). I denne ramma er det innarbeida ei omfordeling av budsjettmidlar i sak 111-21 som omhandla «Forsyning og beredskap» på 5 mill. kroner som no er lagt inn under administrasjonsbudsjettet.

Kommentarar

Administrerende direktør tilrår budsjett-ramma i tabellen under for 2022:

Administrasjon	Beløp
Administrasjonsbudsjett 2021	150 623
Heilårseffekt nye årsverk 2021	350
Deflatorjustering	3 925
Administrasjonsbudsjett 2022	154 898
Effekt av nye årsverk	7 550
Administrasjonsbudsjett 2022 inkl. nye årsverk	162 448

Tall i heile tusen

Lønns- og personalkostnader

Administrerende direktør foreslår å auke nivået på tal årsverk i 2022 med 6,8 nye årsverk, til 89 årsverk. 1,8 av dei nye årsverka er i Fagavdelinga, der ein vart tilsett i 2021, medan den andre stillinga kjem av at noverande fagdirektør vil gå over i ei rådgivande stilling ved 66 år. Administrerende direktør vil også styrke Medarbeider, organisasjon og teknologiavdelinga si analyseavdelinga med eit årsverk.

Under pandemien har det blitt auka fokus på tilgang på kritisk materiell. Helse Vest RHF har skaffa oversikt over kritisk materiell i pandemien, etablert gode lagerrutiner og bestillingsrutiner på regionalt nivå, samt tatt stilling til kor store mengder føretaka treng for å sikre tilgangen på kritisk materiell. Det siste halvåret har det vist seg at problema med forsyning kjem til å vare i fleire år framover pga lange transporttider. Det er derfor etablert eit regionalt lager for kritiske varer, som kjem til å bli utvida etter behov. Per i dag er det gjennomført eller planlagt lagerhald av om lag 150 kritiske produkt. Denne starten på ei felles forsyningsløyning vil krevje noko administrasjon og det er derfor lagt inn fire årsverk for å administrere lager, forsyning og økonomirutiner i samband med dette. Delar av denne auken i stillingar vil bli vurdert opp mot dei øyremerkta midla Helse Vest har fått til oppbygging av beredskapslager i samband med handtering av Covid – 19. Administrasjonen vil fortsette arbeidet med å sikre eit forsvarleg og god organisering av både beredskap og forsyningsberedskap i løpet av 2022.

Nye årsverk i 2022 inneberer ein auke i kostnader på 7,6 mill. kroner, medan heilårseffekten for 2023 vil innebere yttereligare 1,4 mill. kroner.

Tabellen under viser ei oversikt over budsjetterte årsverk i dei regionale helseføretaka:

Årsverk i dei regionale helseføretaka	Budsjetterte årsverk 2022
Helse Nord RHF	81,5
Helse Midt RHF	84
Helse Sør-Øst RHF	200
Helse Vest RHF	79 *eksl. LRS

Andre driftskostnader

Driftskostnadane er i hovudsak prisjustert og vidareført frå budsjett 2022 nivå.

Regionale fellesløysingar

I budsjettet blir det tatt høgde for at ei rekke regionale fellesløysingar blir dekkja under budsjettet for reservar, fellestenester og finans, medan administrasjonsbudsjettet kjem i tillegg. Dette gjeld mellom anna midlar til:

- Regional datavarehus handtering
- Regional analysefunksjon
- Regional pasientreisekoordinator
- Tenester frå Sykehusinnkjøp HF
- Oppdragsavtale for H-resept HELFO

Regionale fellesprosjekt, regionale faglege nettverk og regionale innovasjonsmidlar

Det er i tillegg til administrasjonsbudsjettet budsjettert med 100,3 mill. kroner til regionale fellesprosjekt, regionale faglege nettverk og regionale innovasjonsmidlar. Dette er ein auke på 32,6 mill kroner frå 2021, men 10 mill. kroner av auken er omfordelt frå budsjettposten e-helse som under sak 111-21 hadde ei total budsjetttramme på 40 mill. kroner. Nye fellesprosjekt av året er «Regional handlingsplan for informasjonssikkerheit» og «Økt bruk og effekt av etablerte løysingar for digitale helsetenester», som er budsjettert med høvesvis 15 mill. kroner og 7,5 mill. kroner.

Internrevisjonen

I instruks for revisjonsutvalet heiter det under punkt "5. Rapportering til styret" at: "Revisjonsutvalet skal for styret i Helse Vest RHF leggje fram Budsjett og plan for internrevisjon, til behandling".

Revisjonsutvalet vil behandle sitt budsjett i møtet den 15.02.2022 og det blir lagt fram forslag til følgjande vedtak: «Revisjonsutvalet sluttar seg til forslaget til budsjett, og til at dette blir å behandle vidare i samla sak om budsjettet for RHF-et. Revisjonsutvalet ber om at styret i saka blir gjort merksam på utvalet si innstilling.»

Vedlegg

1. Budsjett for administrasjonen 2022 samanlikna med 2021
2. Budsjett for internrevisjonen 2022 samanlikna med 2021
3. Årsverk for Helse Vest RHF 2022 samanlikna med 2021

Vedlegg 1 - Budsjett for administrasjonen 2022 samanlikna med 2021

Konto-gruppe	Kontogruppenavn	BUD 2022	BUD 2021
3	Salgs- og driftsinntekter	169 646	157 980
30	Salgsinntekt, avgiftspliktig	3 590	3 499
31	Salgsinntekt, avgiftsfri	3 958	3 858
33	Pasient-/behandlingsrelaterte tilskudd/ refusjoner	162 098	150 623
5	Lønnskostnad	-116 144	-105 647
50	Lønn til ansatte	-82 914	-75 293
53	Annen oppgavepliktig godtgjørelse	-1 847	-1 800
54	Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	-26 636	-25 124
56	Kompetanse og rekruttering	-2 876	-1 607
59	Annen personalkostnad	-1 871	-1 823
6	Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	-35 549	-33 692
60	Av- og nedskrivning	-1 307	-1 464
63	Kostnader lokaler inkl. energi og brensel	-13 767	-13 401
64	Leie mtu, maskiner, inventar o.l.	-357	-348
65	Utstyr og driftsmaterialer som ikke skal balanseføres	-706	-552
66	Reparasjon, vedlikehold og service	-51	-49
67	Eksterne tjenester	-15 050	-14 669
68	Kontorkostnad, trykksak o.l.	-3 258	-2 403
69	Telefon, porto o.l.	-1 053	-806
7	Annen driftskostnad av-og nedskrivning , forsettel	-17 955	-18 589
71	Kostnad og godtgj. for reise,diett, bil o.l.	-8 175	-8 046
73	Salgs- og reklamekostnad	-332	-323
74	Kontingent og gaver	-333	-393
75	Forsikringspremie, garanti. og serv.kostn.	-1 242	-1 210
76	Lisens -og patentkostnad	-549	-535
79	Diverse	-7 324	-8 082

Vedlegg 2 - Budsjett for internrevisjonen 2022 samanlikna med 2021

Budsjett internrevisjonen 2022 vs 2021		
Kontogruppe	2022	2021
Lønnskostnad	4 596	4 137
Fast lønn	3 107	2 754
Feriepenger kontogruppe 50	373	330
Arbeidsgiveravgift	438	388
Arbeidsgiveravgift av avsatte feriepenger	53	47
Beregnet pensjonspremie KLP	555	550
Arbeidsgiveravgift av pensjonskostnad	70	68
Annen driftskostnad, av- og nedskrivning	3 640	3 547
Konsulenttjenester	3 608	3 516
Møtekostnader	32	31
Annen driftskostnad av- og nedskrivning, forts.	224	218
Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	224	218
Resultat	8 460	7 902

Vedlegg 3 - Årsverk for Helse Vest RHF 2022 samanlikna med 2021

Avdeling	Vedtatte årsverk 2021	Interne overføringer	Endringer årsverk	Sum årsverk 2022	Merknad
Kommunikasjonsavdeling	5			5	
Fagavdeling	14,2		1,8	16	
Sekretariat	9			9	I tillegg er det ansatt 1 lærling
Økonomi- og finans	1			1	
Finans	4			4	
Inntekt	4			4	
Økonomistyring	4			4	
Regnskap	4			4	
Innkjøp, forsyning og logostikk	4		4	8	
SUM Økonomi- og finansavdeling	21	0	4	25	
Medarbeider, organisasjon og teknologiavdeling	10		1	11	
Eigaravdeling	8		0	8	
Administrerende direktør/	1			1	
Senior rådgiver til disp for styret	1			1	
Internrevisor	3		0	3	
Sum stillingsramme Administrasjon	72,2	0	6,8	79	
Lønns- og regnskapssenteret	10			10	
Sum stillingsramme Helse Vest RHF	82,2	0	6,8	89	

